



Øystre Slidre kommune

Saksframlegg

ArkivSak: 21/808
ArkivID: K1-141, PLANID-202102
Saksbehandlar: Anne Karen Olsen

Saksnr.	Utval	Møtedato
69/23	Formannskapet	09.11.2023

Renovasjon

Vedlegg:

30.10.2023	301023 Renovasjon kjeldesortering og plassering	240140
02.11.2023	231024 VKR - Plasser som kan registreres som returpunkt i KPA - frå VKR	240142

Tilråding

Returpunkt i Beitostølen sentrum vert innarbeidd i plankartet i samsvar med innspelet frå VKR.

Bakgrunn for saka

I sak 64/22 oppe til drøfting i formannskapet den 24. aug. -22 vart det orientera om nye returpunkt eller utviding av eksisterande punkt i kommunen og i sentrumsområdet på Beitostølen. Formannskapet slutta seg til vurderingane gjort i notatet.

I planprogrammet til arealdelen står det:

Behovet for areal til miljøstasjonar av ulike dimensjonar vil auka i planperiode med bakgrunn i forventa og ønskte vekst og nye krav til kjeldesortering knytt til fritidseiningar. Det er òg eit ønske om estetiske betra returpunkt. I planprogrammet til KPA heiter det det «Det er også ynskjeleg med eigne føresegner knytte til renovasjon og parkering, særleg i sentrum. Renovasjon bør bli einklare og meir estetisk finare i sentrumsbilete.»

Administrasjonen har fått i oppdrag å sjå på renovasjonspunkt i Beitostølen sentrum ein gong til. Valdres kommunale renovasjon (VKR) har kome med nokre nye innspel til kor renovasjonspunkta skal leggest, jf . vedlegg. Kommunedirektøren tilrår at har sett av areal til returpunkta i Beitostølen sentrum i tråd med innspelet til VKR.

Formannskapet 09.11.2023:

Behandling:

Samrøystes vedteke.

FS- 69/23 Vedtak:

Returpunkt i Beitostølen sentrum vert innarbeidd i plankartet i samsvar med innspelet frå VKR.